



Dette er det aktuelle sandtak-området

**I samband med oppstart-meldinga for utarbeiding av privat reguleringsplan vart det utført ei arkeologisk registrering i det aktuelle sandtak-området på Døssland. Under denne registreringa vart det ikkje påvist automatisk freda kulturminne, opplyser fylkeskommunen i ei uttale. Men det blir gjort merksam på at det likevel kan vera uregistrerte freda kulturminne der..**

Fylkeskommunen har kome med fråsegn i samband med den offentlege høyringa av planprogrammet for konsekvensutgreiing av dette prosjektet. Planprogrammet er utarbeida i privat regi av Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS. Det vidare planarbeid er stilt i bero inntil konsekvensutgreiinga er gjennomført i samsvar med planprogrammet.

Fylkeskommunen har vurdert planprogrammet utifrå verknad for regionale interesser nedfelt i fylkesplan og fylkesdelplan og som regional kulturstyresmakt.

Fylkeskommunen har tidlegare understreka at det er viktig å vurdere konsekvensar for ålmenn ferdsel og landskapsbilete.

No konkluderar dei med at det under punktet om avbøtande tiltak i utgreiingsprogrammet skal gjerast greie for kva krav om utjamning av terreng, attsåing og gjenoppretting av ålmenne ferdselsstiar som må gjennomførast.

I det vidare arbeid med reguleringsplanen ber fylkeskommunen om at det i reguleringsføresegnene vert sett krav om at dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, skal arbeidet straks stansast. Då skal fylkeskonservatoren varslast for nærare undersøkning.

Fylkeskommunen konkluderar med at føresegnene skal supplerast slik at det i samband med avslutting av masseuttak vert sett krav om utjamning av terreng, attsåing og gjenoppretting av ålmenne ferdselsstiar.

Av Ola Matti Mathisen